

Kviteseid misjonsmenighet 2016

2016 blei eit år der vi dessverre måtte ta farvel med fleire av kyrkjelydens trufaste medarbeidarar og medvandrarar. I august døydde Signe Turid T. Haugen etter lang tids sjukdom, og i november fikk vi ein sjokkbodskap då vi fikk høyre at Aslaug Tormodsvik segna om og døydde på parkeringsplassen etter eit sundagstreff. Vi kjenner på tomheit, og saknet etter Signe Turid og Aslaug som var viktige personar i Betels arbeid er stort og merkbart. Det kjennest urettferdig og vondt at dei er borte. Trass dette har vi det håp og den tru at vi skal sjåast igjen der alt skal vere uendeleg godt. Etter eit år med desse opplevingane samt daglege rapportar om krig og naud og vondskap har ikkje trua på at det er ei kvile i vente blitt mindre. Som truande er det godt å gå til Han som kan lida med oss i vår vannmakt og er prøvd i alt på same måten som vi (Hebr. 4,15). I tillegg til Signe Turid og Aslaug døydde to av dei eldste medlemmane våre i Nissedal. Det var Agnes Gjøtterud og Borgny Lindestad.

I 2016 har styret bestått av fire personar, og det har blitt halde sju styremøte. I vårterminen prøvde vi å lage ein møteplan som var ambisiøs og omfattande sett ut frå vi er ein liten kyrkjelyd med avgrensa ressursar. Det kravde mykje, men var også spanande. Mellom anna hadde vi egne bønne- og delemøte samt nattverdmøte. Desse hadde dessverre ikkje veldig godt oppmøte, men var likevel viktige og gode for dei som var der. Eit annleis møte var eit bokbad med Peter Svalheim der han snakka om boka Jesusvekkelsen. Det blei halde ni Sundagstreff i tillegg til påskefrukost og ein sommarfest der det var bornevelsingning av Julie Rebekka, den yngste dottera til Janna og Tor-Bjørn Nordgaard. I tillegg deltok vi på felles familiemøte i januar, fellesmøta med Torstein Nordal i mars og Godhetsveka i mai. Kyrkjelyden har egne personar i komitéane for desse arrangementa som blir gjennomført kvar vårtermin. I løpet av terminen var det også ei eiga samling med kyrkjelydens tweens-born. I slutten av mai var det TenTro avslutning i samarbeid med Fredheim med tre ungdommar som tilhører Betel: Hanne Songe, Inger Holm og Sigrid Rognsvåg.

I haustterminen hadde vi sju Sundagstreff. I tillegg deltok vi på felles songmøte på Misjonshuset i september, adventskonserten i Kviteseid kyrkje i desember og den no tradisjonelle juletreffesten på Sundvang i romjula. Av andre møte var det bibelundervising med Amund Rannestad, julemøte med julelunsj og ein eigen laurdag i desember med adventsmeditasjon for dei vaksne medan det var adventsverkstad i kjellaren. Då var det eit yrande liv med mange flotte aktivitetar! Elles var eit av haustens høgdepunkt den flotte reportasjen vi fikk i Misjonsbladet om kyrkjelyden vår!

I 2016 har vi halde fram med å ha nattverd på minst eitt av Sundagstreffa kvar termin. Det er ei flott oppleving, og det er trusstyrkande og gir håp når ein ser at borna som det naturlegaste i verda stiller seg opp og tar i mot nåden i form av vin og brød! Sundagstreffa er hovudmøtet vårt og har jamnt over godt oppmøte. På desse møta blir det samla inn kollekt til Jakobs Hus i Colombia slik at vi kvar gong kan bli minna på at vi står i teneste for andre, for kvarandre og for at verda skal bli ein betre stad for dei som ikkje har det så godt som oss.

Samarbeidet med Fredheim om fredagsklubben har halde fram også dette året, men samlingane har vore på Misjonshuset fordi Fredheim har blitt pussa opp. Vi gler oss over alt det gode samarbeidet som finst i bygda når det gjeld det kristelegte arbeidet.

Den årlege innsamlinga av klede til Moldova/Ukrania blei også i år gjennomført i juni. Elles har Janna og Tor-Bjørn Nordgaard gjennom året halde husgruppe i Seljord.

Av praktiske ting har huset blitt måla utvendig. Kyrkjelyden har også fått eiga Facebookside.

Takk til alle som har bidratt med smått og stort i 2016. Vi kjenner på at vi står i eit meningsfullt fellesskap og har framleis som mål at på Betel skal det vere plass for alle.